



NJFF SOGN OG FJORDANE

Årsmelding 2004

Årsmøte på Nordfjord Hotel
12-13. mars 2005



Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid

ÅRSMØTE

NORDFJORD HOTEL, NORDFJORDEID 12-13. MARS 2005

INNHALDSLISTE

Program og sakliste årsmøte.....	side 2
Styret sine framlegg til vedtak.....	side 3
Nokre ord frå leiaren.....	side 5
Årsmelding frå styret.....	side 6
Medlemsutvikling.....	side 18
Årsmelding frå Fagleiar Fisk.....	side 20
Årsmelding frå Fagleiar Vilt.....	side 21
Årsmelding frå Ungdomsansvarleg.....	side 21
Årsmelding frå Fagleiar Hund.....	side 22
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Rifle.....	side 22
Årsmelding frå Kvinnekontakten.....	side 23
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Ettersøkshund.....	side 24
Årsmelding frå Fylkesinstruktør El. Dressurhalsband.....	side 24
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Jegerprøve.....	side 25
Årsmelding frå fylkessekretær.....	side 26
Kontorutstyr.....	side 27
Rekneskap for 2004.....	side 28
Årsplan for 2005.....	side 32
Budsjett for 2005.....	side 38
Vedtekter.....	side 40

PROGRAM ÅRSMØTE

Årsmelding NJFF -Sogn og Fjordane 2004

Laurdag 12. mars	Kl. 13.00	Velkomen Nytt frå NJFF <i>Øyvind Fjeldseth, fiskekonsulent NJFF</i>
	Kl. 14.00	Lunsj
	Kl. 15.00	Årsmøtesaker
	Kl. 16.30	Kaffepause m/ frukt/kake
	Kl. 16.50	Årsmøtesaker
	Kl. 19.00	Avslutning
	Kl. 20.00	Middag og sosialt samvær
Søndag 13. mars	Kl. 09.00	Fagleg del: Fiskekultivering og organisasjonskurs <i>Øyvind Fjeldseth, fiskekonsulent NJFF</i>
	Kl. 10.45	Kaffepause
	Kl. 11.00	Open time
	Kl. 12.00	Vi reiser til Tua, skytebana til Eid jfl. Innslag frå Eid jfl
	Kl. 14.00	Avslutning og heimreise. Evt. lunsj på hotellet.

Pausar etter behov.

SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

1. Konstituering av møtet
 - Namneopprop
 - Val av ordstyrar
 - Val av sekretær
 - Val av teljekorps
 - Val av 2 representantar til å skrive under møteboka
 - Godkjenning av fullmakter
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Godkjenning av forretningsorden
2. Årsmeldingar for 2004.
3. Revidert rekneskap for 2004.
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Styret sitt framlegg til arbeidsprogram 2005
6. Fylkeslaget sin kontingentdel 2006, med styret sitt framlegg til vedtak.
7. Styret sitt framlegg til budsjett 2005
8. Val av styre i medhald av § 7.
9. Val av valnemnd.
10. Val av 2 revisorar og ein varamedlem

STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sak 1. Konstituering av møtet

Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tek stilling til evt. innkomne fullmakter

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med førebels program vart utsendt 27.01.05. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.

Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røyserverett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røyserverett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røyserverett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddtrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.

Sak 2, Årsmeldingar

Årsmelding for 2004: s. 6 –

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjend.

Sak 3, Rekneskap 2004

Rekneskap s. 28

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Rekneskapet vert godkjend.

Sak 4, Innkomne forslag

Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

Sak 5, Årsplan 2005

Styret sitt forslag til årsplan: s. 32

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til arbeidsprogram for 2005 vert godkjend.

Sak 6, Medlemskontigent 2006

Fylkeslagskontigenten er no kr. 35,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 0,-.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Årsmøtet gjer vedtak om å ikkje endre fylkeslagskontigenten.

Sak 7, budsjett 2005

Styret sitt forslag til budsjett: s. 38

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til budsjett for 2005 vert godkjend.

Sak 8, Val 2005**Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

Verv	Tillitsvald i dag:	Valnemnda sitt framlegg:
• Leiar	Audun Sande	ikkje på val
• Nestleiar/ sekretær veljast for 2 år	Øyvind Hopland	Attval
• Kasserar	Vidar Sylvarnes	ikkje på val
• Ungdomsleiar veljast for 2 år	Torger Eimhjellen	
• Fagleiar vilt veljast for 1 år		
• Fagleiar fisk veljast for 2 år	Svein Arne Forfod	Attval
• 1. vara / Fagleiar hund, 1 år		
• 2. vara, veljast for 1 år	Ole Martin Helgås	
• Revisor nr. 1, veljast for 3 år	Arve Nesje	
• Revisor nr. 2, har 1 år att	Terje Espe	Ikkje på val
• Revisor vara, har 2 år att	Bjørn Tjønnås	Ikkje på val
• Valnemnd, leiar	Rune Ramstad	Oddvar Ølmheim
• Valnemnd, medlem	Oddvar Ølmheim	Dag Sture Fjeldsbø
• Valnemnd, medlem	Dag Sture Fjeldsbø	

NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Det er igjen tid for årsmøte, og dermed nokre betraktningar over utviklinga i fylkeslaget. Styret har i året som er gått prøvd å nå dei mål forrige årsmøte påla, bl.a med tanke på arbeidsprogram.

På dei viktige fagområda vilt og hund har vi i året som er gått ikkje hatt tillitsvalde. Dette gjenspeglar aktiviteten spesielt på område jakthund, der det er behov for eit krafttak for å få opp aktiviteten.

Vi har ingen stor tradisjon for bruk av hund til småviltjakta. Det er i stor grad opp til oss i vårt arbeid å oppnå den nødvendige aksept og interesse på det området. Eg ser det som viktig at vi no kjem i gang med å vidareføre det arbeid som den forrige fagleiar hund var i gang med, og at årsmøte tek desse ting på alvor og får på plass eit fulltalig styre.

I motsetnad til ein del andre organisasjonar har jeger og fisk mange i sin medlemsmasse som har vore motivert for å ta tillitsverv. Vi ser imidlertid no tendensar til at individuell tenking og interesser blir sterkare, og at det er vanskelegare å fylle plassane i tillitsverv.

Grunn til at eg tek opp desse spørsmål er at vi som interesseorganisasjon er avhengig av tillitsvalde på alle nivå for å ivareta våre felles interesser.

Vi ser klare teikn i tida på at eit stadig aukande press mot naturgrunnlaget som produserer vilt og fisk. Ikkje minst gjeld dette fleire av laksestammene som er utsett for eit forringa miljø både i sjø og elv.

Våre svar på denne utviklinga må heile tida vere å ta utfordringane med tanke på ei bærekraftig forvaltning.

Engasjementet for å bevare villaksen, står for tida sentralt i styret, med fagleiar fisk i spissen. I vassdragsutbyggingssaker ser vi døme på manglande og feilaktige framstillingar til fordel for utbygging. Eg tenkjer på utbyggingsaktuelle Nausta med ein god og naturleg reproduserande laksestamme.

Eit minimumskrav i slike saker er ei fagleg konsekvensutredning der fakta og korrekte referansar blir lagt til grunn for å få eit riktig beslutningsgrunnlag.

2005 er friluftslivets år og vil bli markert på ulike måtar i alle ledd i organisasjonen framover. Eg vil oppmuntre lokalforeiningane om å markere, og å vere med på å tilrettelege for aktiviteten for barn og ungdom spesielt retta mot friluftsliv.

Eg vil til slutt takke for samarbeidet med alle tillitsvalde i året som er gått, og spesielt takke fylkessekretær for godt utført arbeid, og hennar positive haldning til samarbeid og utfordringar.

Audun Sande
- fylkesleiar -

ÅRSMELDING FOR 2004 FRÅ FYLKESLAGET

Fylkeslaget har i 2004 vore samansett slik:

Leiar	Audun Sande, Jølster jspfl
Nestleiar / sekretær	Øyvind Hopland, Stryn og Hornindal jspfl
Kasserar	Vidar Fjello Sylvarnes, Årdal jff
Ungdomsansvarleg	Torger Eimhjellen, Hyen jfl
Fagleiar Vilt	Fram til sommaren: Audun Aasebø, Eid jfl
Fagleiar Fisk	Svein Arne Forfod, Høyanger jfl

1. vara Fagleiar Hund	
2. vara	Ole Martin Helgås

Kvinnekontakt	Kristin Halvorsen, Flora jfl
Fylkesinstruktør MIK	Bjarne Huseklepp, Hyllestad jfl
Fylkesinstr. Rifle	Fram til november: Arne Olav Bjørlo, Eid jfl
Fylkesinstr. Jegerprøve	Bjarne Huseklepp, Hyllestad jfl
Fylkesinstr. Eppersøkshund	Andreas Otterhjell, Luster jfl
Fylkesinstr. El. Dressur	Bjørn Monsen, Leikanger jfl

Revisorar

Revisor 1	Arve Nesje, Stryn og Hornindal jsfl
Revisor 2	Terje Espe, Eid jfl
Revisor, vara	Bjørn Tjønnås

Valnemnd

Leiar	Rune Ramstad, Førde jfl
Medlem	Oddvar Ølmheim, Høyanger jfl
Medlem	Dag Sture Fjeldsbø, Høyanger jfl

Tilsette:

Fylkessekretær 100 % stilling:	Reidun Solberg Seim, Sandane
Prosjektmedarbeidar 50 % stilling 01.10.03 – 31.03.04:	Astrid Kalstveit, Førde

Frå NJFF - Sogn og Fjordane har desse vore med i NJFF sine styre og utval i 2004:

Bjarne Huseklepp, Jegerpr.	Varamedlem i Forbundsstyret
Kristin Halvorsen, kvinnekontakt	Medlem i Forbundsstyret

Fylkeslaget er representert i desse utval/fagråd:

- * Referansegruppa for Norsk Hjortesenter: Leiar. Fagleiar Vilt er vara.
- * Styringsgruppa for prosjektet "Næring og driftsplanlegging i utmark". Leiar møter. Fagleiar Vilt og Fagleiar Fisk er kontaktpersonar.
- * Styringsgruppa i FNF (Forum for Natur og Friluftsliv), Kristin Halvorsen
- * Merkeprosjekt hjort, styringsgruppa. Ove Bjørlo
- * Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Fagleiar Fisk
- * Styringsgruppa for Norsk Villakssenter: Fagleiar Fisk

Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane



Status arbeidsprogram for 2004

”Skråskrift og ⇒” = status for kva som er gjort i 2004
Det som ikkje står i kursiv, er ikkje utført

1.1. Naturgrunlaget som føresetnad for jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre naturgrunlaget som vilkår for jakt og fiske.

Tiltak:

1.1.1 VILLAKS

- Arbeide for auka midlar til å bekjempe gyro
 - a. Pressemelding til lokalaviser i nov.
 - b. Brev til politikarane 26.11.04
- Arbeide for auka kalkingsbudsjett / Forsuring
 - c. Pressemelding til lokalaviser og intervju i NRK –Sogn og Fj. i nov
 - d. Brev til stortingspolitikarane 26.11.04
- Deltakar i lakserådet: aktivt vere med på å påverke ei god forvaltning av lakseressursane, herunder klekkeri, lakselus og kvote / - reiskapsreglar
 - e. Deltaking på møter
- Aktiv deltakar i arealforvaltning, arbeide mot inngrep / uroing i naturområde
 - f. Høyringar (ikkje alle er sendt inn merknader på, men er jobba med likevel): Byrkjelo kraftverk, Storelva i Måren og Sylvarnes kraftverk i Vik, Høyanger-anlegga og Nasjonale laksevassdrag (Nausta).
 - g. Pressemeldingar : 1) Nausta eit nasjonalt laksevassdrag. 2) Om verdiane i Nausta

1.1.2 INNLANDSFISK

- Skulering innan fiskestell
 - a. Kurs i fiskestell . Ikkje utført, men FF har hatt møte med enkeltlaglag/ personar vedr. fiskestell og bistått dei.
- Deltakar i ”Næring og driftsplanlegging i utmark”: påverke at tilgang til innlandsfisk vert rimeleg og enkelt, påverke at lokallaga er med i driftsplanarbeid for innlandsfisk
 - b. Delta på møter, påverke her: møte 29. april
 - c. Snakke med / skrive til lokallaga ang. deltaking i driftsplanarbeid

1.1.3 STORE ROVDYR

- Kursing
 - a. Kurs i jervejakt. Kurs var planlagt og annonsert, men kun 2 påmeldte gjorde at kurset måtte avlysast.
- Innspel til høyringar / planar etc. vedr. rovdyr
 - b. Innspel. Ingen høyringar / planar i 2004

1.1.4 KYSTSEL

- Bestandsregistrering av kystsel

- a. Få midlar til registreringa, samarbeid med Fiskeridirektøren og evt. andre, koordinere registreringa. Fekk heller ikkje i 2004 midlar til dette.

1.1.5 GÅS

- Kurs
 - a. Kurs i gåsejakt. Ikkje utført

1.1.6 DELTAKING I LOKAL FORVALTNING

- Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)
 - a. Samarbeide med FNF : *kontinuerlig kontakt med FNF –kontakt ang. høyringar og aktivitetar, FNF fellesmøte i Fjærland 22 –23.10.04*
 - b. *Bidra til auka interesse for FNF i lokallaga : Informasjon i info'en "jeger og fisker", FNF – kontakt innlegg på leiarkonferansen 2004.*
- Næring og driftsplanlegging i utmark
 - c. *Delta i "Næring og driftsplanlegging i utmark" møte 29. april*
 - d. Påverke lokallag å bli med i driftsplanarbeid lokalt
 - e. *Høyringar vedr. utmarksressurar: Ny skoglov*
- Storstiltjegerkurs
 - f. *Seminar med vekt på jakt 27-28. nov. på Rica Hotel, Førde. Ca. 150 deltakarar*
- Samarbeide med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt- og fiskefondet for å betre bruken av pengane.
 - g. *Møte med Fylkesmannen: viltfondsmidlar, 21. mars*
 - h. *Møte med Fylkesmannen: fiskefondsmidlar, telefonmøte*
- Prosjekt hjortemerking
 - i. *Legge inn registreringar på nettet: kontinuerlig heile året*
 - j. *Delta på møter i prosjektet: Ove Bjørlo er fylkeslaget sin repr. deltar på møtene*
- Bistå lokallaga vedr. lokal vilt- og fiskeforvaltning
 - k. *Hjelpe / bistå lokallag når dei ber om bistand vedr. vilt- og fiskeforvaltning.*

1.1.7 VERNEPLAN V OG RULLERING AV SAMLA PLAN (SP)

- Fylgje opp utbyggingssaker
 - a. *Fylgje opp samla plan for verna vassdrag*
 - b. *Vindkraftanlegg*
 - c. *Fylgje opp planendring for Kløvtveit kraftverk (kont –FF)*
 - d. *Fylgje opp vassdragsrapport for Ytre og Indre Offerdalselvi*
 - e. *Nausta*
 - f. *Jølstra*
 - g. *Gjengedalsvassdraget*

1.1.8 REVISJON AV KONSESJONAR FOR KRAFTUTBYGGING

- Oversikt over saker som er / vil bli aktuelle : Register over konsesjonar: www.nve.no
 - a. *Halde oversikt over saker som er / vil bli aktuelle og ta initiativ i desse*

1.1.9 TAKSERING AV SMÅVILT

- Kurs
 - a. *Kurs i taksering av småvilt. Ikkje utført*

1.1.10 SUR NEDBØR

- Arbeide for auka midlar til kalking

- a. Pressemelding lokalavisene og intervju NRK Sogn og Fj. november
- b. Brev til stortingspolitikarane 26. november

1.1.11 SPREIING AV FISKEARTAR

- Vere behjelpelig med å gje informasjon til NJFF om problem regionalt
 - a. Fange opp evt. problem/ få info frå lokallag og formidle vidare til NJFF

1.2. Tilgjenge til jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre og vidareutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.

Tiltak:

1.2.1 VIDAREFØRE SAMARBEIDET MED RETTIGHEITSHAVARAR

- Samarbeide med rettshavarane:
 - a. Prosjekt Næring og driftsplanlegging i utmark, 29. april
 - b. Sturviltjegerkurs 27-28.11.i Førde. Ca. 150 delt.
 - c. Opplæringsjakt

1.2.2 STRANDSONA / FORVALTNING AV KYSTSONA

- Auke regional fokus på arealbruken
 - a. Kommunal plan idrett- og friluftliv, regionale planar :innspel og deltaking på møte om fylkesplan. Gitt beskjed vidare til lokallaga om kommunale planar som er til rullering.
- Engasjement i saker som angår kystsona som arena for lokalt fiske, jakt og friluftsliv
 - b. Oppdrettsnæringa: FF held seg orientert.
 - c. Kystfiske – kystled
- Bistå dei enkelte lokallaga i enkeltsaker
 - d. Bistå lokallag når dei ber om hjelp

1.2.3 PRØVEORDNINGAR

- Samarbeid med Norskog: prøveordning med lange jakttider kombinert med samjakt
 - a. Fylgje opp prøveordninga i Jølster : kontakt med grunneigarane. Pressemelding sendt ut saman med grunneigarane.

1.2.4 VERNEFORSKRIFTER

- Faunaforvaltning i verneområde
 - a. Vere pådrivar overfor fylkesmannen for fylkesvis gjennomgang av verneforskriftene
- Sikre allemannsretten og ferdselsretten
 - b. Høyringar : 1) Jotunheimen / Utladalen landskapsvernomr. 2) Hallingskarvet nasjonalpark 3) Ny skoglov

1.2.5 PRAKSIS OG INTENSJONAR

- Sørge for fokus på konkrete døme på framleige i samarbeid med lokallaga
 - a. Pressemeldingar, søke bistand frå NJFF / lokallaga, pådrivar for å få uheldig framleige på dagsorden : sendt 2 klager vedr. løyve til framleige i Hyen og Nærøydalselva + pressemelding. Møte med Hyen jfl ang. klagen 21.06.04. FF i debattprogram på NRK – Sogn og Fj. ang. framleiga i Hyen.
- Bistå lokallaga ved leige av jakt og fiskerettar
 - b. Lage til ei kokebok til lokallaga med tips om korleis ein går fram / døme på avtalar
- Auka fokusering på samjakt

- c. *Pressemelding saman med leiar i grunneigarlaget.*
- d. *Kontakt med kommunar og / eller grunneigarorg. : kontakt med leiar grunneig.laget*
- Halde oversikt over jakt- og fiskevald som lokallaga disponerer og informere andre om desse.
 - e. *Bruke internett og medlemsbladet for å spre denne informasjonen: internettsida*
- Arbeide for å opne jakt og fiske for allmugen særleg der det har vore nytta offentlege midlar
 - f. *Fylgje opp brev til DN via NJFF og brev til FM: Kontakt med fylkesmannen*

1.2.6 SAL AV UTMARKSEIGEDOMAR

- Kartlegge ulike leigeforhold i samarbeid med lokallaga
 - a. *Halde oversikt over ulike leigeforhold som prestegardseigedomar, statsskog, norskog og andre*

1.2.7 SMÅVILTJAKT

- Kartleggje utleige / kortområde for småviltjakt
 - a. *Kartleggje småviltjakt i Sogn og Fjordane*
 - b. *Legge ut resultatet på internettsida til FL*

1.3. Utøving av jakt og fiske.

Målsetjing: Sikre jakt- og fiskeutøving som ein naturleg del av det tradisjonelle, haustingsbaserte friluftslivet.

Tiltak:

1.3.1 SIKKER OG HUMAN JAKTUTØVING

- Aktivitetar som aukar kompetansen og stimulerer til sikker og human jaktutøving:
 - a. *Opplæringsjakt*
 - b. *Informere om jegerprøvekurs på internett*
 - c. *Norges største jegerkurs, 27-28. nov, Førde*
 - d. *Fellessamling fylkesinstruktørar jegerprøva 3-5. desember, Stjørdal*
- Auke kompetansen/ aktiviteten innan rifleskyting
 - e. *Instruktørkurs i rifleskyting: sett opp kurs, men for få deltakarar til å halde kurset*
 - f. *Dommarkurs i jegertrap: Nordfjordeid 22-23. mai. 13 deltakarar*
- Auke kompetansen / aktiviteten innan jakthundarbeid
 - g. *Vere pådrivar ovanfor lokallaga for at dei gjennomfører dressurkurs*
 - h. *Arrangere vidaregåande kurs ettersøk: Stryn med kursleiar Birger Hogrenning.*
 - i. *Blodsporprøve og bevegeleg fersksporprøve*
 - j. *Samling for ettersøksdommarar og dommarar under utdanning i S & Fj. Fortun 8. mai*
 - k. *Fellessamling fylkesinstruktørar ettersøk 18-20. juni Elverum*

1.3.2 DRUKNING I SAMANHENG MED FISKE

- Drive informasjon og haldningsskapande verksemd for å bidra til nedgang i ulukkestala
 - a. *Informere på internett, artikkel i medlemsblad i mai, pressemelding*

1.3.3 HAGLESKYTING

- Auke / halde oppe aktiviteten med å treneskyte med hagle
 - a. *Inngå avtale/ få rabattar med forhandlar av blyfri ammunisjon*
 - b. *Informere om alternative hagl : leiarkonferansen. NJFF sentralt sendt ut skriv + info i bladet jakt og fiske.*

1.3.4 TERMINFESTA STEMNER

- Terminfesta jaktskytingsstemner
 - a. Koordinere og setje saman terminliste
 - b. Bestille premiar til Fylkesmeisterskap og Landsdelsmeisterskap

1.3.5 JAKTHUNDAR

- Skape eit betre fuglehundmiljø
 - a. Koordinere og danne grupper som har interesse for fuglehundar, organisere samlingar
 - b. Oversikt over båndtvangstider
- Den nye hundeloven
 - c. Deltaking på FM sitt arbeidsseminar ang. hundeloven 26. februar

1.3.6 SIKRE JAKT OG FISKE SOM EIN DEL AV DET TRADISJONELLE FRILUFTSLIVET VED REKRUTTERING AV BARN / UNGDOM OG KVINNER

- Aktivitetar for born / ungdom
 - a. Fylkesleir på Nesholmen, 4-6. juni . ca. 70 deltakarar
 - b. Assistere lokallaga ved arrangement for born / unge : Fiskedag i Langedalen 19. juni, fiskedag i Markane 15. juni, fiskefestival på Hjelle 31. juli.
 - c. Kurs / samlingar angående småviltjakt
- Aktivitetar for kvinner / nybyrjarar
 - d. Laksefiske og røyking av fisk for damer, Eid, 25-27. juni. 9 deltakarar
 - e. Småviltjakt for damer, 17-19. sept, Rand i Stryn. 6 deltakarar.

1.3.7 FRILUFTSLIVETS ÅR 2005

- a. Planlegge aktivitetar / innsats i Friluftslivets år 2005

2.1. Organisasjonsutvikling

Målsetjing: Organisasjonen vert vidareutvikla slik at fylkeslaget i endå større grad kan bistå lokallaga m.o.p. NJFF sine satsingsområde. Oppgradere lokallaga.

Tiltak:

2.1.1 INTERNETT OG INTRANETT

- a. Oppdatere informasjon til medlemmer og tillitsvalde på heimesida
- b. Marknadsføre nye tilbod på heimesida overfor lokallaga
- c. Lage ny fylkeslagside på NJFF sine internettside
- d. Marknadsføre fylkeslaget sine internettsider (i annonser til kurs o.l.)
- e. Ta i bruk intranettet (få lettar tilgang til medlemslister, søknadsskjema, vegleiing, kursmateriell osv) –ikkje fått tilgong til medlemslister endå.

2.1.2 OPPGRADERING AV TILLITSVALDE

- Gje tillitsvalde moglegheit til kompetanseheving gjennom kurs, samlingar:
 - a. Leiarkonferanse, Førde 26-27. nov. 23 deltakarar – 11 lokallag
 - b. Organisasjonskurs for tillitsvalde –utsett til 2005 då kursoppsett ikkje var ferdig

2.1.3 LOKALLAGSSTRUKTUR / VITALISERING

- a. Halde oversikt over lokallagsstrukturen i fylket med tanke på ei god geografisk dekning
- Kontakte lag som ikkje er medlem i NJFF og påverke desse til å bli medlem

- a. Eid Sportsfiskarlag
- b. Vikane Sportsfiskarlag
- c. *Vågsøy jspfl –var ikkje interessert*
- Lage strategiplanar for vitalisere lag med ingen/lite aktivitet og plan for danne nytt lag
- Danne nye lokallag
 - d. Måløy - om ikkje suksess med å få Vågsøy jspfl som medlem i NJFF
- Vitalisere lokallag som har liten aktivitet
 - e. Solund jfl
 - f. Selje. Har hatt kontakt med Selje jfl, men ikkje blitt fulgt opp.
 - g. Balestrand
- Bedre kontakt fylkeslaget – lokallaga
 - h. *Fylkeslaget besøker lokallaga på årsmøter og andre møter / aktivitetar: årsmøte i Leikanger jfl, Gloppen jfl, Bryggja & omegn jfl, Høyanger jfl, fiskedag i Langedalen og i Markane, fiskefestival på Hjelle, friluftshelg i Hyen.*
 - i. *Bistå lokallaga i planlegging og gjennomføring av lokale arrangement : fiskedag i Langedalen.*

2.1.4 FORMELLE REGLAR OG VIKTIGE PLANDOKUMENT

- Motivere lokallaga til å gjennomgå og revidere gamle vedtekter til mønstervedtektene:
 - a. Motivere lokallaga på Leiarkonferanse
 - b. *Bruke info –skrivet frå fylkeslaget*
 - c. Årsmøte
- Nytte NJFF sitt handlings- og arbeidsprogram i utarbeiding av eigne planar:
 - d. *Bruke aktivt NJFF sine program i utarbeiding av eigne planar*

2.1.5 OPNE LUKKA LOKALLAG

- Ta kontakt med lukka lokallag og motivere for, og bistå i prosessen med evt. vedtektsendringar
 - a. Solund jfl
 - b. *Selje jfl*
 - c. *Balestrand*
 - d. *Aurland – laget opna i 2004*

2.1.6 AUKE SYNLEGGJERING AV NJFF

- Vidareføre dagens marknadsføring av NJFF:
 - a. *Internett*
 - b. *Pressemeldingar / intervju i media: Sentrale utval i NJFF, fellefangst, Nausta, fylkesleir for ungdom, laksefiske og småviltjakt for damer, samjakt, jakt- og fiskeforbod i PAN-parkar, oversikt småviltjakt, trafikkskadd hjort, skulestangprosjektet, framleige, statsbudsjettet, storviltjegerkurs*
 - c. *NRK –Sogn og Fjordane: Både LF og FL sende interessant stoff til f.sekr.*
- Fylgje opp sentrale strategiar i den regionale marknadsføringa
 - a. *Fylgje opp på fylkesnivå sentrale strategiar vedr. marknadsføring*

2.1.7 INSTRUKTØRORDNING

- a. Iverksetje endringar som NJFF vedtar

2.1.8 INTERN OG EKSTERN MØTEVERKSEMD

- a. *Fylkesleiarkonferanse*
- b. *Årsmøte*

- c. Styremøter
- d. Leiarkonferanse
- e. Møte med grunneigarorganisasjonar
- f. Møte med forvaltning møte om vilt-/fiskefondsmidler, møte ang. fiskekultivering

2.2. Rekruttering.

Målsetjing: Minst 3300 betalte medlemskap for år 2004.

Tiltak:

2.1.9 MEDLEMSFORDELAR

- Informere om medlemsfordelar
 - a. På ulike tilstellingar / stand, internett, medlemsblad
- Motivere lokallaga til å informere sine medlemmer om medlemsfordelane
 - b. Info
- Ha oppdatert materiell tilgjengeleg
 - c. Sende ut materiell til lokallag og medlemmer som ber om materiell
- Differensiere pris medlemmer – ikkje medlemmer på arrangement
 - d. Oppfordre lokallaga til å differensiere pris på telefon / info
 - e. Differensiere pris på eigne arrangement

2.1.11 VERVING

- a. Gjere lokallag og medlemmer kjent med det sentrale vervesystemet via internett og medl.blad
- b. Setje opp fylkesvis vervepremiar til lokallaga og informere om dette
- c. Informere og motivere lokallaga til å bestille velkomstmapper til jegerprøvekandidatar
- d. Lage ein strategiplan for korleis verve nye medlemmer og distribuere ut til lokallaga
- e. Kontakte direktemedlemmer for å verve dei til lokallaga.
- f. Gjere marknadsføring og synleggjering utad meir profesjonell
- g. Konkurransaktiviteten skal nyttast meir aktivt i rekrutteringssamanheng: svar på høyring reglar for skytestevner

2.3. Barne- og ungdomsarbeid

Målsetjing: Setje i verk tiltak som skal gje barn og ungdom eit betre tilbod enn tidlegare. Fiskeklubben skal få eit større innhald gjennom aktivitetar lokalt.

Tiltak:

2.3.1 BARNE- OG UNGDOMSARBEID

- Regionale arrangement for born og ungdom :
 - a. Fylkesleir for ungdom, Nesholmen, 4-6. juni
 - b. Medarrangør storkurs på Vassenden for 4H 16-18. april
- Satsing mot skuleverket – etablere lokal kontakt mellom lokallag og skule
 - c. Fylgje opp skulestangprosjektet og hjelpe lokallaga til å etablere kontakt mellom skule og laget
- Vidareformidle tilbod om oppfølging av jegerprøvekandidatar
- Informere om aktivitetar for born og ungdom

- d. Hente inn informasjon over kva som skjer av borne- og ungdomsaktivitetar og gjere LF og barne- og ungdomsmedler, fiskeklubbmedlemer og andre organisasjonar med barne- og ungdomsaktivitetar, kjendt med dette via personleg brev
- e. Legge ut aktivitetar og arr. på internett og informere i info til lokallaga
- Bistå lokallaga ved arrangement for barn og ungdom
 - f. Bistå med planlegging og premiar / materiell
 - g. Vere med på lokale arrangement for barn og ungdom
- Kurs / samling
 - h. Kurs / samling vedr. småviltjakt
 - i. Årsmøte i Sogn og Fjordane 4H, deltaking

2.3.2 FISKEKLUBBEN

- Marknadsføre aktivt Fiskeklubben
 - a. I medlemsblad, internett, på arrangement for born / ungdom
- Stimulere til aktivitet i lokallaga
 - b. Telefonisk kontakt, info, premiering m.m.

2.4. Informasjonsarbeid

Målsetjing: NJFF sitt budskap skal nå ein større del av allmugen på ulike nivå, og skal stimulere til auka interesse og forståing for jakt og fiske.

Tiltak:

2.4.1 SYNLEGGJERING

- Direkte kontakt og pressemeldingar for å fremje organisasjonen sitt syn i enkeltsaker
 - a. Pressemeldingar: sjå 2.1.6
 - b. Direkte kontakt: Sjå 2.1.6
 - c. Sender adr.liste til media og liste over aktivitetar som skjer og gje kontinuerling melding frå denne lista når det skjer

2.4.2 INFORMASJON SOM GRUNNLAG FOR PÅVERKNAD

- Mobilisere innsats i enkeltsaker
 - a. Kalking / bekjemping av gyro
- Integrere informasjonsarbeid ovanfor regionale og lokale myndigheiter
 - b. Statsbudsjettet, nasjonale laksevassdrag (Nausta)

2.4.3 INATUR

- a. Aktivt påverke lokallaga til å tilby sine produkt og tenester gjennom iNatur
- b. Marknadsføre og informere om iNatur

2.4.4 INTERNE INFORMASJONSROUTINAR

- a. Halde lokallaga løpande informert om aktuelle høyringar, med kopi til fagansvarleg i lokallaga
- b. Informere lokallag om stønadsordningar
- c. Sende ut info-skrivet frå fylkeslaget til lokallaga
- d. Medlemsblad "Jeger & Fisker" skal ut 2 gonger og vidareutviklast – vart kun 1 utgåve i 2004
- e. Bidra med stoff til Jakt & Fiske

Styremøter:

Det er halde 7 styremøte og handsama 74 saker.

Informasjon frå styret:

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF. Lokallagsinformasjonen "informasjon" er sendt ut 7 gonger i tillegg til anna informasjon frå styret. Medlemsblad er utgjeven 1 gong. Elles er også nettsida til fylkeslaget brukt.

Pressemeldingar og reportasjar sendt ut frå fylkeslaget :

22.01.04	Alle lokalaviser, Sentrale utval i NJFF (Reidun)
02.02.04	Firda, innlegg om mårfeller (Torger)
28.05.04	Firda, Om verdiane i Nausta (Svein Arne)
Mai	Alle lokalaviser, Fylkesleir for ungdom (Reidun)
Juni	Alle lokalaviser, Laksefiske og småviltjakt for damer (Kristin)
10.06.05	Laksefiske og småviltjakt for damer (Kristin)
15.06.04	Alle lokalaviser, Samjakt (Audun)
17.06.05	Laksefiske for damer (Kristin)
August	Alle lokalaviser, Jakt- og fiskeforbod i nasjonalparkane (Audun)
August	Alle lokalaviser, Småviltjakt for damer (Reidun)
September	Alle lokalaviser, Oversikt over småviltjakt på nett (Audun)
27.09.04	Firda, Nausta er eit nasjonalt laksevassdrag (Svein Arne)
12.10.04	Alle lokalaviser, Årsak til trafikkskadd hjort ? (Reidun)

Medieaktivitet:

03.02.04	Torger	NRK –Sogn og Fjordane: skulestangprosjektet
01.04.04	Torger	NRK –Sogn og Fjordane: ungdomsarbeid kråkejakt og revefeller
04.06.04	Torger	NRK –Sogn og Fjordane: Ungdomsleir
29.06.04	Kristin	Dagbladet, 2 heilsider frå jenter på laksefiske
06.07.04	Svein Arne	korr. Tekst-TV gyro
Veke 27	Kristin	Fjordabladet : jenter på laksefiske
Veke 27	Kristin	Fjordenes Tidende: jenter på laksefiske
17.08.04	Audun	NRK-S og Fj., Tekst-TV: PAN-parkar utan jakt og fiske
17.08.04	Audun	Vestlandsrevyen: PAN-parkar
18.08.04	Svein Arne	NRK –S og Fj., tekst-Tv, Framleige
18.08.04	Svein Arne	NRK –S og Fj. debatt med Kurt Djupvik: framleige
19.08.04	Svein Arne	Firda: framleige
20.08.04	Øyvind / Audun	Pressem. PAN-parkar utan jakt og fiske
Sept.	Bjarne	Innlegg om feller og storviltkurset i jaktbilaget til Firda
10.09.04	Audun	NRK –Sogn og Fj. Jaktstart og oversikt over småviltjakt
12.10.04	Reidun	NRK –Sogn og Fj. Trafikkskad hjort
23.10.04	Audun	Firda, Forvaltning av hjort
27.10.04	Reidun	NRK –Sogn og Fj. Kalking – statsbudsjettet
12.11.04	Bjarne	Firda, storviltjegerkurs
26.11.04	Bjarne	NRK- Sogn og Fj. storviltjegerkurs
01.12.04	Bjarne	Firda, reportasje frå storviltjegerkurs
10.12.04	Svein Arne	NRK –Sogn og Fj. Nausta – nasj. laksefjordar

Representasjonar, profilering, møter og arrangement**JANUAR**

21.01.04	Skei	Styremøte	
----------	------	-----------	--

FEBRUAR

04.02.04	Skei	Styremøte	
05.02.04	Førde ?	Møte med elveeigarlaget i Jølstra	Svein Arne
18.02.04	Skei	Styremøte	
19.02.04	Naustdal	Møte laksetrapp-bygging i Nausta	Svein Arne
26.02.04	Førde	Arbeidsseminar kommunane - hundelova	Reidun
27.02.04	Leikanger	Årsmøte i Leikanger jfl	Svein Arne
29.02.04	Breim	Årsmøte i Gloppen jfl	Reidun

MARS

03.03.04	Naustdal ??	Møte Nausta – Sunnfjord Naturvern.	Svein Arne
07.03.04	Bryggja	Årsmøte i Bryggja og omegn jfl	Reidun
11.03.04	Førde	Årsmøte FNF	Kristin
12.03.04	Høyanger	Årsmøte i Høyanger jfl	Reidun
13.03.04	Førde	Årsmøte i 4H	Svein Arne, Torger
20.03.04	Kaupanger	Møte med Heiberske samlingar –samarb.	Audun, Svein Arne, Torger, Reidun
20-21.03.04	Sogndal	Årsmøte i Fylkeslaget	
21.03.04	Sogndal	Styremøte	
21.03.04	Sandane	Møte viltfondsmidler med fylkesmannen	Reidun
		Telefonmøte fiskefondsmidler	Svein Arne

APRIL

16-18.04.04	Vassenden	Storkurs 4H	Svein Arne, Dag Einar Gule
19-21.04.04	Holmsbu	Fylkessekretærsamling	Reidun
19-21.04.04	Førde	NVE – Vassdragsdagane	Svein Arne
21.04.04	Førde	Møte om fylkesplan	Svein Arne
29.04.04	Førde	Møte driftsplanprosjektet	Audun

MAI

04.05.04	Skei	Styremøte	
7-9.05.04	?	RS-/ Fylkesleiersamling	Audun
8.	Fortun	Fellessamling dommarar ettersøk	Andreas

JUNI

4-6.06.04	Hyen	Fylkesleir for ungdom	Torger, Svein Arne, Reidun
7-8.06.04	Trondheim	Regionsamling fylkessekretærar	Reidun
11-12.06.04	Nordfjordeid	Instruktørkurs i rifleskyting	Arne Olav
17.06.04	Sandane	Møte med Gloppen jfl – arrangement	Reidun
17-18.06.04	Surnadal	Villakskonferanse	Svein Arne

18-20.04	Elverum	Samling fylkesinstruktører i ettersøk	Andreas
19.06.04	Langedalen	Fiskedag med Gloppen jfl	Reidun
21.06.04	Hyen	Møte med Hyen jfl vedr. framleige	Audun, Svein Arne Reidun (og Torger)
25-27.04	Nordfjordeid	Laksefiske for damer	Kristin, Øyvind

JULI

03.07.04	Mo	4H leir	Svein Arne
23-25.04	Hyen	Friluftshelg	Torger, Svein Arne, Reidun

AUGUST

17.08.04	Skei	Styremøte	
20-21.08.04	Hurdal	RS / -Fylkesleiarsamling	Øyvind

SEPTEMBER

18.09.04	Kråkenesmarka	Møte Vestnorsk Villmarksmesse	Øyvind, Reidun
17-19.09.04	Rand	Rypejakt for damer	Øyvind
17-18.09.04	Rand	Rypejakt for damer	Kristin

OKTOBER

12.10.04	Naustdal – Skjerdalen	Synfaring miljø- og energikomiteen: vern	Svein Arne
19.10.04	Skei	Styremøte	
19.10.04	Førde	Møte med kulturhuset, vestnors v.messe	Øyvind og Reidun
22-23.10.04	Fjærland	FNF –fellessamling	Reidun


NOVEMBER

1.3.11.04	Elverum	Fylkessekretærsamling	Reidun
26-27.11.04	Førde	Leiarkonferanse	Audun, Øyvind, Svein Arne, Bjarne, Kristin, Reidun
27.11.04	Førde	Møte vestnorsk villmarksmesse	Øyvind, Reidun
27-28.11.04	Førde	Storviltjegerkurs	Audun, Øyvind, Svein Arne, Bjarne, Kristin, Reidun
28.11.04	Førde	Styremøte	

DESEMBER


3-5.12.04	Stjørdal	Jegerprøveinstruktørsamling	Bjarne
17.12.04	Leikanger	Møte med fylkesmannen – laksekultivering	Svein Arne, Reidun
02.12.04		møte i Gaular jfl ang. Gaularmarknad / laksefiske	Svein Arne

Medlemsutvikling 1996-2004



Medlemsutvikling 1980-2004



Stipla linje: inkludert direktemedlemer





Barne- og ungdomsutvikling i NJFF -Sogn og Fjordane

Utvikling heile fylket



ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR FISK

Fagleiar Fisk har hatt 2 hovudsaker føre i 2004, framleige av laksefiske i Hyen og Nærøydalen, samt diverse problemstillingar og mediadebatt kring Nausta.

Eg har framleis helseproblem, som svingar, men har bra periodar der eg rekk over ein del, medan eg har måtte melde avbod på nokre tradisjonelle tiltak eg synest fagleiar fisk bør vere med på, som t.d. friluftshelga i Hyen.

Det har vore arbeidd med ein del høyringar i samband med kraftutbyggingsspørsmål: Byrkjelo kraftverk, Storelva i Måren, og Sylvarnes kraftverk i Vik, utan at eg fann grunn til å gå imot desse.

Likedan har det vore arbeidd med høyring av fylkesplanen i ope møte med organisasjonane i Førde, eit omfattande dokument, som eg gav skriftleg innspel på.

Eg deltok på NVE sitt landsomfattande konsept om kraftutbygging / reguleringar, som vart arr. parallellt på 5 stader i Noreg – også her i Førde. Av innpå 60 deltakarar, var eg einaste representant for fiskeinteressene !

Har elles delteke i drøftingar med fylkesmannen, og vore med på fordeling av midlane til fiskestelltiltak. Under leiarkonferansen vart det reist spørsmål om reduksjonen i kultiveringsaktiviteten – eit tema eg og fylkessekretæren tok opp i møte med fiskeforvaltninga på Leikanger rett før jul. Dette vil bli arbeidd vidare med.

Det har vore ei rekkje møter i Naustdal, både med grunneigarar, andre aktørar og ei synfaring med Miljø- og Energikomiteen på stortinget, i Nausta og Skjerdalen, og eg har utarbeidd materiell som anskueleggjer årssyklusen for produksjonen av anadrom fisk i Nausta for politikarar og sakshandsamarar.

Eg har delteke i mediedebatten kring elva, men har heile tida prøvd å bere bevisst på å vere sakleg korrekt- for at innlegga våre skal halde fagleg vatn. Har fulgt opp vårt gode samarbeid med 4H, ved å delta på deira storkurs på Vassenden, og fylkesleiren på Mo som instruktør, og møtte som observatør under årsmøtet deira på Sande. Dette er ei satsing som forsvarar tids- og energibruken ved at vi kjem i inngrep med neste generasjon eigarar av jakt- og fiskerettar, som vi skal samarbeide med for å ivaretake det haustingsbaserte friluftslivet. Her ligg store utfordringar framover.

Eg har og delteke i forskningsamarbeid med NINA i deira 3-årige engasjement i vurdering av fiskekultiveringsarbeidet som vert drive i Daleelva i Høyanger. Sentralt i dette programmet er å vurdere- og optimalisere habitatsstellet og kultiveringsarbeidet som vert drive i Daleelva. Erfaringar frå dette prosjektet vil kunne nyttiggjerast i vurderingar av andre kraftutbyggingsprosjekt i fylket- både i samband med nyanlegg- og ved revisjonar i eksisterande utbyggingar.

Det har ikkje vore halde fiskekultiveringskurs, men eg stiller opp saman med interesserte lokallag, og deltek i fagsamråding og planlegging av lokale tiltak, og følgjer opp slike.

Eg har nokre verv og oppgåver på fiskestellsida i Hyanger jakt- og fiskelag, er leiar i innlandsfiskeremda i Høyanger, styremedlem i Kultiveringsanleggenes forening, og er NJFF

sin representant i rådet for Villakssenteret i Lærdal, slik at eg totalt sett skulle ha bra oversikt over feltet.

Ein stor og dårleg utnytta ressurs i fylket er innlandsfisket, som bør vere eit aktuelt satsingsfelt for langt fleire lokallag. Likdedan er det motteke innspel om oppsynsordninga, som det vil bli jobba vidare med. Som fagleiar inviterer eg til fleire innspel på feltet, då eg vanskeleg kan greie halde meg oppdatert på utfordringar som rører seg lokalt.

Avslutningsvis takkar eg alle gode samarbeidspartnarar som tek eit tak til fremme av sportsfisketilbodet for ålmenta generelt, og våre medlemmer spesielt.

Med helsing
Svein Arne Forfod
- Fagleiar Fisk -

ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR VILT

Audun Aasebø vart valgt som ny fagleiar vilt på årsmøte i 2004, men trakk seg av personlege årsaker sommaren 2004. Styret har prøvd å gjere nokre av oppgåvene som ligg under dette vervet.

ÅRSMELDING FRÅ UNGDOMSANSVARLEG

Eit år går fort og det er tid for oppsummering. Kort fortald har 2004 vore eit bra år for ungdomsarbeid rundt om i lokallaga. Det er aktivitetsplanen eit synleg prov på. Det viser at voksne set av noko av si fritid til friluftaktivitet ilag med ei viktig aldersgruppe. Og tid er det viktigaste stikkordet for å lukkast!

Blant anna så er skulestangprosjektet med på å få opp barn-og ungdomsaktiviten.

Fylkeslaget gjekk ut med ei ”gulrot” i årets ungdomspris, pengepremiar til dei lokalforeiningane som kunne vise til best ungdomsaktivitet, og aller helst med mediadekning.

Her vann Leikanger jff, nr to Gloppen jff og nr tre Flora jff. Gratulerer!!!

(Eg ynskjer innspel på om dette er vegen å gå for å stimulere til ungdomsarbeid)

I år klarte vi å få til noko eg har hatt ynskje om ei tid. At fylkeslaget kunne løyve midlar til lokallag som stimulerte (ungdom) til auka interesse innan jakt og fangst, både i teori og praksis. Her har alle laga som søkte fått midlar, og eg har sagt meg villig til å komme og hjelpe og avholde kurs. I skrivande stund kan eg nemne at eg skal til Sørgulen jff og holde fangstkurs (mars 05).

Fylkesleiren for ungdom gjekk av stabelen 4.-6. juni på Nesholmen i Hyen, for tredje året på rad. Det var som tidlegare år ein suksess, og som vanleg med veldig god påmelding. No er vi komnt inn i dette, og eg har eit stort ynskje om at denne leiren må vi fortsette med! **Men, utan innsatsan og stå-på-viljen, og godt humør frå hjelpeinstruktørane vert det ingen leir! So ei stor takk, og honnør til alle som hjelpte til!!!**

Ein ting vi ikkje kan gjere i overskueleg framtid er å ”ri på bølga” etter *eit* vellukka arrangement. Vi bør ha som mål å få til fleire arrangement for denne aldersgruppa, gjerne til ei anna årstid. ***Ikkje nødvendigvis kvantitet, men kvalitet.*** Dette har eg hatt ide og von om ei stund, men eg ser at mi fritid (i næraste framtid) er knapp i ei tid som småbarnsfar til tre under to år.

Dette er grunnen til at eg vel å ta nokre år pause. Eg vonar at den nye ungdomsansvarlege greier å vidareføre det aktivitetsnivået som er, og aller helst *eitt* ”storarrangement” til.

So avslutningsvis vil eg takke for tilliten og samarbeidet desse åra eg har fungert som ungdomsleiar. Eg vonar at eg har sett ”*positive spor*” etter meg. Eg har likt meg veldig godt i fylkeslaget med vervet mitt, og har so lyst å få til endå meir på ungdomssida, men av overnemnde grunn vel eg å setje mitt verv ledig til ei/ein med *vilje og tid* til ungdom.

Arbeidsprogram for 2005

Fylkesleir for ungdom (sommar)

Jakt og fangstkurs (vinter)

Fiskeklubbarrangement/skulestangprosjektet (heile året)

Eit ”storarrangement” til (haust/vinter)

Med helsing
Torger Eimhjellen
- Ungdomsansvarleg -

ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR HUND

Fylkeslaget har i 2004 ikkje hatt 1. vara / Fagleiar Hund.

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR RIFLE

I 2004 vart det invitert til instruktørkurs i rifleskyting. Kun eit lag med ein deltakar meldte si interesse, og dette var for lite til å gjennomføre kurs.

Styret vedtok seinare på året å legge ned instruktørvervet p.g.a. lita interesse.

Eg starta som fylkesinstruktør rifle på byrjinga av 90-talet og eg vil no takke for samarbeidet i denne perioden med styret og lokallaga. Ynskjer lukke til vidare med jakttskytingsarbeidet.

Med helsing
Arne Olav Bjørlo
-Fylkesinstruktør rifle-

ÅRSMELDING FRÅ KVINNEKONTAKTEN

Kvinnekontakten har hatt litt aktivitet og i 2004. Målet er å skape ein sosial møteplass for oss damer som liker å drive med jakt, fiske og friluftsliv.

Talet på kvinnelege medlemmar er lavt i Sogn og Fjordane. Vi har ved utgangen av 2004 158 medlemmer mot 150 året før, vi trøster oss med at det er stigande. Til samanlikning hadde vi 70 kvinnelege medlemmar i 1997. Vi ligg faktisk nederst på statistikken når det gjeld andel kvinner i medlemsmassen. Dette gjeld og for ungdom.

Kan det vere fordi Sogn og Fjordane er landets største hjortefylke. Har vi noko anna å tilby enn hjortejakt og er det dette kvinner og ungdom vil ha?

Kan vi snu trenden ved å tilby småviltjakt, fiske og andre aktivitetar som gjer det attraktivt for kvinner og ungdom å bli medlem.

Vi gjennomførte i 2004 laksefiske i Eid og småvilt i Stryn. Turane vart svært vellykka og deltakarane hadde ønske om nye turar til neste år. I år hadde vi eigen sponsor, frå Olav K. Henden hadde vi deltaking av Olin Henden, på laksefiske og småviltjakt så det vanka både premiar og kunnskap om utstyr undervegs. I tillegg hadde vi god hjelp av dei lokale arrangørane frå lokallaga.

Etter at vi hadde stor reportasje i Dagbladet på laksefiske fant vi ut at vi ville ha ro for journalistar på småviltjakta. Vi lovar i staden fyldig reportasje frå småviltjakta i Jeger og Fisker.

Det vart bra deltaking til slutt, men vi sliter med det same problemet som i landet elles. Det er stor interesse for å vere med når det er snakk om det, men det er vanskeligare å få påmeldingar og det er lett for at deltakarane melder seg av i siste liten.

Eit nytt tiltak for storviltjakt vart sett på programmet i året som gjekk. Vi hadde eit elg jaktlag som ønskte seg damer på laget. Det var tre damer som var på gjestevisitt på det laget og dei kunne melde tilbake om meirsmak for elgjakt og at dei vart mottekne på ein måte som gjorde at dei følte seg som ein del av jaktlaget. Dette fristar til gjentaking så vi prøver oss på formidling i 2005 og.

På arbeidsprogrammet for 2005 står det fisketur i Guddal etter mottoet "Du skal ikkje sova bort sumarnatta" og småviltjakt i Aurland. I tillegg vil vi prøve oss på arrangement for ungdom av begge kjønn i aldersgruppa 15+. For å få fleire til å skyte opp til, og delta på, storvilt når dei er nye jegerar prøver vi å få til eigne kveldar med instruktør på baner rundt i fylket med felles marknadsføring frå fylkeslaget.

Informasjon om programmet vert lagt ut på nettsidene og det blir sendt ut som pressemelding. Får vi sponsor vil vi annonsere. I tillegg vil vi sende brev til alle som tidlegare har deltatt med tilbod om innmelding og alle kvinnelege medlemmer i Sogn og Fjordane.

Med helsing
Kristin Halvorsen
- kvinnekontakt-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØKSHUND

Våren 2004 vart det arrangert ei samling for ettersøksdommarar og dommarar under utdanning her i fylket.

Det var 6 som møtte. Alle som var tilstades var enige om at det var lærerikt å veksla erfaringar. Samlinga vart arrangert i Fortun. Tidspunktet var kanskje ikkje det beste? Eg vil likevel rå til at det vert fleire slike samlingar men at ein har dei vekselvis i dei 3 forskjellige regionane i fylket. Referat ligg på fylkeslaget sine heimesider.

Elles har eg vore med i ei landsomfattande samling for fylkesinstruktørane ettersøk på Elverum 18 - 20 juni 2004. Det er viktig at fylkesinstruktøren møter på ei slik samling. Referat ligg på fylkeslaget sine heimesider.

Det vart i haust arrangert eit vidaregåande kurs i ettersøk. Kursleiar var Birger Hougrenning og kurset vart halde i Nordfjord.

Framtidig arbeid innan ettersøk:

Jobba for å arrangera kurs for vidarekomne. Viktig å støtta opp om ettersøksringar for dei tek på seg ettersøk for andre jegrar. Det er eit krav å ha gått gjennom kurs for vidarekomne for å ta på seg ettersøk mot betaling. Det er nesett ei gruppe på landsplan for å oppdatera kurset etter dagens krav.

Samlingar for ettersøksdommarar.

Samling for ettersøksjegrar.

Elles oppmodar eg årsmøte til å setja av eit beløp som fylkesinstruktør kan disponera til sitt arbeid med å fremja kunnskap og interesse for ettersøksarbeidet.

Godt samarbeid mellom jegrar, kommunar og ettersøksjegrar er det aller viktigaste, for å få til ei god ordning og fylja lovverket.

Eg vil takka for meg og ynskja den nye fylkesinstruktøren lukka til med arbeidet.

Med helsing
Andreas Otterhjell
-Fylkesinstruktør Ettersøkshund-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ELEKTRISK DRESSURHALSBAND

Det har ikkje holdt nokon brukarkurs i 2004. Grunnen for det, er at ingen lag har kontakta fylkeslaget. Er overbevist om at behovet er til stades.

Hund er skikkeleg i fokus for tida, så no må laga gjera alt dei kan, for at det ikkje skal bli store overskrifter i avisene.

Med helsing
Bjørn Monsen
-Fylkesinstruktør Elektrisk Dressurhalsband-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR JEGERPRØVE

Helga 27.-28. november vart Norges største storviltjegerkurs arrangert på Rica Sunnfjord Hotel i Førde. Ca. 180 deltok og tilbakemeldingane etter kurset har vore svært positive. Samarbeidet med Fylkesmannen og Sogn og Fjordane skogeigarlag fungerte godt som alltid tidlegare. Eg vil nok ein gong takke for gåva eg fekk som takk etter 15-års innsats og ynskjer lukke til med dette viktige arbeidet vidare.

Jegerprøve-instruktøren deltok på den årlege samlinga for fylkeinstruktørar i Stjørdal 3.-5. des.

På denne samlinga er ein av postane alltid tilbakemelding frå Studieforbundet Natur og Miljø. Så langt er det ikkje avdekka jegerprøvekurs i Sogn og Fjordane som bryt med regelverket. Dette er eit synleg prov på at instruktørane i fylket gjere ein svært god jobb. Det er heller ikkje registrert kommersielle aktørar i jegerprøve-avviklinga i fylket. Det er nok fleire grunnar til dette. Eg vil understreke verdien av at lokale instruktørar samarbeider om kursa og fordeler øktene mellom seg . Det var to tilfelle der rapporteringsskjemaet til Studieforbundet NM ikkje var rett utfyllt. Eg ber om at alle lokallaga sjekker dette før rapporten for fullførte kurs vert send vidare kommande år:

1. Ferdigmeldingane skal vise at jegerprøvekurset varte i 30 timar, verken meir eller mindre.
2. Hugs å skriv på klokkeslett for start og slutt under kvar dato. Det er ikkje nok å berre skrive timetal i sjølve dato-rubrikka.

Ved årsskiftet var det 79 godkjende instruktørar i Sogn og Fjordane. Dette er 4 meir enn i 2003.

Målet mitt har vore å bygge opp ei gruppe på minst 3 instruktørar i kvart lokallag som deler instruktør-oppgåvene mellom seg. Dette opplegget fungerer der ein praktiserer det. Den nye jegerutdanninga på 30 t. set større krav til instruktørane både fagleg, pedagogisk og med omsyn til personleg tidsforbruk. Dei lokalag som har få instruktørar, kan oppleve at instruktørane grå trøytt. Tiltaket mot dette er å utdanne fleire instruktører snarast. Eg har så langt ikkje fått melding om nye som vil verte instruktørar.

Avslutningsvis vil eg takke instruktørane for godt arbeid. Det er slik vi vil ha det.

Arbeidsprogram for jegerprøve-instr. 2005.

Eg har ikkje registrert ynskje om kurs for nye instruktørar. Slik opplegget er frå sentralt hald, vert fokus no retta mot oppdateringa av eksisterande instruktørar tidleg i 2006. Regelverket seier at instruktørane skal oppdaterast kvart 5. år.

Med helsing
Bjarne Huseklepp
- Fylksinstruktør Jegerprøve-

ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆR

Eg har framleis kontor i heimen og fast avspasering kvar onsdag. Arbeid på kveldstid og helgar gjer at eg kan ta denne avspaseringa, og eg synest det fungerer veldig greit. Besøk på kontoret får eg ikkje, så kontoret burde kanskje vore skilta ? ...

I år laga eg ny nettside direkte under NJFF sentralt si side. Sogn og Fjordane er det einaste fylket som har laga eiga side under NJFF med menyar m.m., men fleire er ”i tømnda”. Då får vi kanskje også fleire tips til korleis menyane kan byggast opp. Tilbakemeldingar om sida er fint å få, heilt fiks ferdig er ho ikkje endå. Forhåpentlegvis kjem det snart betre løysingar for at lokallaga kan ha nettsider under NJFF også.

Eg fekk besøke noko fleire lokallag i år, og det håpar eg kan fortsetje til neste år også. Så mange vert det ikkje, men det er berre å spørje etter besøk, det gjeld også til dei andre i fylkeslaget. Det er både hyggeleg og naudsynt å kome ut i felten litt.

Det har vore mange og spanande oppgåver i NJFF -Sogn og Fjordane i år. Det er også synleg at både forvaltning og media tek meir omsyn til våre meiningar og etterspør uttalar og kunnskap frå ressurspersonar i NJFF, både på lokalt og regionalt nivå. Fleire av lokallaga har god dialog med både kommune og andre i sine lokalmiljø som bygger opp dette. Det er kjekt å arbeide i ein organisasjon som vert teken seriøst og har mange aktivitetar som syner igjen. Fylkeskontoret har dei fleste avisene, og det er ikkje så reint sjeldan at eg les om eit av våre lokallag. Det er bra !

Det ser også ut for at det går rette vegen for å ”opne” vår organisasjon slik at alle som ynskjer det, kan bli medlemmer. I år har Aurland jfl gjort ein god jobb og fatta årsmøtevedtak som opnar laget for alle. På landsbasis har mange lag dei seinare åra gjort slike årsmøtevedtak og det er positivt. Vi har nokre lag att her i fylket, og med større bistand frå fylkeslaget til å lage gode tilpassa vedtekter, burde det gå fint an å opne alle laga med tida.

Fylkesmannen inviterte fylkeslaget på arbeidsseminar (viltansvarlege i kommunane og viltforvaltar hjå fylkesmannen) som omhandla blant anna den nye hundelova. Eg møtte for fylkesstyret og hadde eit kort innlegg for kommunane om korleis NJFF såg på den nye lova og kva vi meinte var viktig å ha med i kommunale forskrifter. Vår organisasjon skulle også få vere med i ei arbeidsgruppe som laga til ”mønsterforskrifter” til kommunane, slik at flest mogleg kunne ha same forskrifter. Dette vil gjere det meir handterleg for hundeeigarane istadenfor å måtte forhalde seg til ulike forskrifter i kvar kommune. Denne arbeidsgruppa byrja ikkje arbeidet i år, men vil vonlegvis gjere det betre i 2005.

Som i fjor minner eg om vårt slagord som bør brukast i alle anledningar:

Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid !

Med helsing
Reidun Solberg Seim
-Fylkessekretær-

Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.04

1 datamaskin (pc)	Telemark Intel inside celeron 1998	(Reidun)
1 datamaskin (pc)	Telemark Intel inside celeron 2000?	(Audun)
1 telefaks	Brother fax -470	1995 (Audun)
1 telefaks	Lanier 4100	1997 (Reidun)
1 kopimaskin	Lanier 6112 copier	1990 (Torger)
1 kopimaskin	Nashuatec D420 (sortering)	1997 (Reidun)
1 skrivar	HP deskjet 500	1986 (Audun)
1 skrivar	HP laserjet 1100	1998 (Reidun)
1 skrivar/skanner	HP Office Jet 1170 c	1999 (Reidun)
1 ISDN telefon	DORO bisy	1999 (Reidun)
1 Mobiltelefon	Ericson	1999 (Reidun)

Elektrisk Dressurhalsband

Målegevær

2 hagler

2 rifler

Lavvo

Utstyr i tilhenger:

Skaphengar, 2000

10 sett flugestenger, 2000

10 sett flugebindarutstyr, 2000

10 teleskopstenger utan snelle, 2000

7 ferskvasstenger

7 Mink - og mårfeller

30 flytevestar

2 slagfeller til rev

Ymse

Fylkeslaget eig også 1/3 i ”skiljeveggane” som vart laga til Villmarksmessa i Stryn 1997 + dei i Førde.